



# SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

## ÅRSRAPPORT 2019



Saman tek vi vare på ressursane

## Meir sortering, mindre restavfall

2019 var året då innbyggjarane i alle dei fire kommunane våre starta å sortere ut matavfall for fullt. Den gradvise innføringa som starta allereie i november 2018, var fullført i starten av juli.

På dette halvåret følgde vi samtidig nøyne med på tala som tikka inn til oss frå biogassanlegget ved Lillehammer og forbrenningsanlegget i Ålesund. Det eine steig, det andre sokk. Mengda matavfall auka for kvar sone som starta med utsorteringa, mengda restavfall minka endå meir.

Innbyggjarane våre viste altså i 2019 at endring er mogleg og at innsatsen til kvar enkelt har noko å seie. For kvart kilo avfall som heller går til materialgjenvinning enn energiutnytting, sparar vi både ressursar og CO<sub>2</sub>-utslepp.

I august 2019 kom også resultatet av selskapskontrollen som starta i juli 2018. Vi fekk oppklart ei feilføring, diskutert korleis eigarkommunane ønskjer at vi gjer det med finansieringa av nedgravde løysingar vidare og stadfestat at det dei siste 9 åra har gått rett føre seg både i reknearka og i fordelinga mellom hushaldningsdelen og næringsverksemda vår. Det er ein standard vi skal halde fram med, samtidig som vi heile tida må ha augene opne for kva vi kan bli endå betre på.

Når desse orda går i trykken, viser kalenderen april 2020. Ei eigarmelding er eit tilbakeblikk, men også ein temperaturmålar på kvar vi står. Her og no finn vi oss sjølv midt i ei verdsomspennande krise, koronapandemien. Vi i SSR er førebels skåna for smitte, men kjenner som alle andre også konsekvensane på kroppen, både som privatpersonar og bedrift.

Ein uventa og positiv bieffekt av krisa, er at jobben vi gjer blir sett ekstra stor pris på. Både dei som er ute på rute, dei som er inne på miljøstasjonane og dei som tek telefonen hjå oss, seier at dei merkar ein ekstra velvilje, ein ekstra varme blant folk.

Det motiverer oss til å halde fram med det vi gjer - å ta vare på ressursane på Søre Sunnmøre, saman.



Einar Heimdal  
dagleg leiar

Takk for at du kjeldesorterer!

# INNHOLD

Det som er igjen har krympa	s 4
Strandrydding på timeplanen	s 6
Flinkare på det farlege	s 10
Glimt frå året	s 12
Avfall per innbyggjar 2019	s 16
Årsmelding og rekneskap	s 18
Frå revisor	s 25
Årsmelding/eigarmelding	s 27

# Det som er igjen har krympa



MINKA: Frå desember 2018 til desember 2019 blei restavfalls mengda frå hushalda i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein redusert med 42 prosent.

Innbyggjarane våre kjeldesorterer som aldri før. Med innføringa av matavfallsdunk har materialgjenvinninga auka og restavfallet minka.

Det blei delte reaksjonar då den nye dunken troppa opp utanfor døra til innbyggjarane våre på tampen av 2018 og i første halvår av 2019. Medan enkelte sa dei ikkje hadde matavfall i det heile, lurte andre på kva i alle dagar dei no skulle sitte igjen med til å hive i restavfallsdunken. Det store fleirtalet verka likevel å vere fornøgde med å endeleg få høve til å sortere ut matavfallet sitt.

Vi veit at forbruket og vanane

til folk er svært ulikt. Kva og kor mykje ein kastar i dunkane sine vil derfor også variere stort. Statistikken avslører likevel at innbyggjarane i Hareid, Herøy, Ulstein og Sande har omstilt seg med glans: vi får sortert ut mykje av matavfallet og samtidig redusert restavfallet.

## FRÅ CO<sub>2</sub> TIL BIOGASS

Innbyggjarane kasta heile 42 prosent mindre restavfall i desember 2019 samanlikna med

desember 2018. Sjølv om ein kanskje ikkje ser det så tydeleg i sin eigen dunk, som kanskje berre har nokre grøne matavfallsposar i botnen, får det stor effekt når vi alle tek eit lite steg i rett retning.

Det ser vi også ikkje minst av den totale mengde innsamla matavfall i 2019, heile 1448 tonn. Det betyr at tonnevis med matavfall frå våre kommunar har blitt til biogass, gjødsel og jord ved Mjøsanlegget, i staden for å gå opp

i flammar (og skape CO<sub>2</sub>-utslepp) ved forbrenningsanlegget på Grautneset.

### **SMITTEEFFEKT**

Då hentefrekvensen på restavfallet gjekk ned til ein gong i månaden, var det nok mange som merka at dei måtte gire kjeldesorteringa opp eit hakk for å unngå å få for full dunk. Det ser vi no truleg resultatet av på andre fraksjonar. Mengda utsortert plastemballasje har i alle fall gått opp frå 10 til 10,3 kilo per innbyggjar, samanlikna med 2018. Det same gjeld for glas- og metallemballasjen, som har auka frå 10,6 til 11,6 kilo.

Papp og papir har derimot minka ein del, frå 54,2 til 49,9 kilo.

Kvífor er ikkje godt å seie. Det kan til dømes vere fordi fleire får "Nei takk til reklame"-klistermerke på postkassa eller at digitaliseringa i samfunnet også viser igjen på papirmengda.

Dei tilsvarande tala for restavfallet er at vi gjekk frå 154,5 kilo til 88,7 kilo per innbyggjar. Ei kraftig krymping og ein fin attest for endringsvilje og god innsats til innbyggjarane våre.

MÅNAD:	2019:	OPP/NED I FORHOLD TIL 2018:
Januar	318,68	- 15,4 %
Februar	222,44	- 19,3 %
Mars	210,74	- 22,3 %
April	213,83	- 25,0 %
Mai	223,92	- 26,9 %
Juni	151,85	- 30,3 %
Juli	151,34	- 33,0 %
August	160,08	- 35,6 %
September	134,36	- 37,2 %
Oktober	179,65	- 37,9 %
November	149,70	- 40,9 %
Desember	118,88	- 42,0 %

Tabellen viser utviklinga i mengda levert restavfall frå hushalda i kommunane våre til forbrenningsanlegget på Grautneset i Ålesund i tonn og prosent gjennom 2019.

### **AVFALLSMENGEN GÅR NED**

Den samla mengda hushaldsavfall per innbyggjar i kommunane våre, har gått ned frå 379 til 354 kilo frå 2018 til 2019. Vi går dermed i heilt rett retning, då det øvste målet i avfallspolitikken er nettopp avfallsreduksjon. Å bruke og kaste mindre, er både kostnadssparande og miljøvenleg.

Det blir spennande å sjå om nedgangen held seg stabil i 2020, då vi tidlegare har sett at mengda kan svinge både opp og ned frå år til år.

Grunnane til at mengda endrar seg kan vere mange, og på side 16-17 får du eit nærmare innblikk i korleis utviklinga er for dei ulike avfallstypene.

Avfallsreduksjon

Ombruk

Materialgjenvinning

Energigjenvinning

Deponi

### **AVFALLSPYRAMIDEN:**

Denne figuren viser avfallshierarkiet og illustrerer prioriteringane i den norske avfalls politikken og EU-s rammedirektiv for avfall. Målet er å heile tida behandle avfall så nær toppen av hierarkiet som mogleg. Då SSR innførte matavfall som eigen fraksjon, flytta vi tonnevis med avfall, nærmere bestemt 1448, eitt hakk opp i pyramiden. Alt ein får sortert ut av restavfallet flytta seg ein etasje opp, frå energigjenvinning til materialgjenvinning.



# Strandrydding på timeplanen





**Skorpa** ligg der og duvar ytst mot havet. Den no fråflytta øya, var ein viktig skjulestad for agentar, motstandsfolk og flyktningar under andre verdskrigen.

I dag skjuler den siste stoppestaden før Shetland noko heilt anna. Plast. I alle former, fargar og årgangar.

Når du går bortover marka i Storevågen, som ofte får seg ein salt dusj, knitrar det under føtene dine. Lettar du på grasteppet, finn du flasker. Enorme mengder brusflasker. Vaskemiddelkanner. Isopor. Peparkakeboksar.

Dei har lege der så lenge at naturen har gitt opp håpet om at nokon skal kome og plukke dei opp. I staden gjer gras-stråa og mosen sitt beste for å dekke til. Dryssar tusenvis av gule kusymrer på toppen av det heile for å kompensere.

I dag fekk Skorpa kvitte seg med store mengder plast. Innsatsen var det framtidas fiskarar som stod for. Naturbruukelevane ved Herøy vidaregåande skule plukka, løfta, reiv og grov i timesvis. I morgen set dei seg i båtane for ein ny dag med strandryddesekkar i hendene.  
**Det er håp.**

\* Ei stor takk til alle elevane, lærarane og Fallgard v/Odd Arne Arnesen for uvurderleg innsats. SSR stilte med undervisning om marin forsøpling dagen i forvegen, ved kommunikasjonsansvarleg Andrea Øien Sæverud. Fallgard leverte avfallet på kaia på Mjølstadneset, der våre folk henta det vidare til Saunesmarka for ettersortering og vidaresending til forbrenning og energigjenvinning.

Å bruke ein skuledag på å rydde fjøra der du bur, er læring som sit igjen i hender og hovud resten av livet.

Mange skular i kommunane våre har tradisjon for faste 17. mai-ryddeaksjonar og dei siste åra har mange hatt lyst til å rydde endå meir. Plast i havet er noko som engasjerer.

Kommunikasjonsansvarleg i SSR Andrea Øien Sæverud blir derfor ofte kontakta av skular som kunne tenke seg eit undervisningsopplegg om marin forsøpling i forkant av at dei skal ut og rydde strandlinja i nærområdet. I år har ho fått vore med alt frå førsteklassingar til vidaregåandeelevar både på den faglege biten i klasserommet først, og deretter ut i felten for å rydde.

Her kjem ein snakebit frå givande dagar både for elevane, lærarar, oss i SSR, nærmiljøet og ikkje minst - havet.



## Holmerydding i Ulstein

130 niandeklassingar.

16 lærarar.

9 holmar og øyar.

2 båtar.

1 ganske annleis skuledag.

Legg saman dette, og du får ein stappa full 22 kubikks-konteinar med plast og anna avfall, som fram til denne oktoberdagen hadde forsøpla Ulstein-skjergarden.

Takk til elevar og tilsette ved Ulstein ungdomsskule for ein fantastisk innsats!

Runde Miljøsenter v/Charlotte Hauge, Skjergardstenesta v/ Sunnmøre friluftsråd, Fallgard og Søre Sunnmøre Reinhaldsverk stod for tilrettelegginga.

Dagen var ein del av den årlege teknologiveka ved ungdomsskulen. Kanskje fekk elevane inspirasjon til å utvikle framtidig teknologi som kan løyse utfordringa med marin forsøpling?





## I fjordarmen på Alme

Det er ikkje berre dei ytste strendene som må ta imot ubedne plastgjestar.

På innsida av Hareidlandet, ligg Alme. Ei lun perle med utsikt mot kvasse tindar som stuper rett i fjorden.

Langs den smale vegen innover, bukta det seg ein fargerik orm. Seksti syklande åttandeklassingar som skulle ut på oppdrag: rydde plast.

Store mengder tau, isopor, snusboksar, q-tips og flasker dukka raskt opp mellom steinane, vikla inn i taren, under gras og jord. Ivrige hender plukka i veg, som i ei annleis skattejakt.

Almestranda fekk kvitta seg med kilovis av plast. Nesten like viktig var det kanskje at ungdommane fekk sjå plastutfordringa med eigne øye. For det er framleis meir å ta av.

Takk til dei dyktige elevane og lærarane frå Hareid ungdomsskule for innsatsen.



## Fjørelangs i Herøy

Rett før skuleslutt tok 170 elevar frå Ytre Herøy ungdomsskule på seg strandryddehanskar og gjekk ut for å gjere ein innsats for nærmiljøet, havet og framtida.

Dagen starta med ei felles orientering om marin forsøpling frå Andrea i SSR. Elevane gjekk deretter ut for å plukke med seg plast i ymse fargar og fasongar.

Fallgard stilte med båt og sekketransport, Elevane og lærarane gjorde ein glimrande innsats.

Takk til alle som vel å bruke ein skuledag på å gjere noko lite for noko stort.



# Flinkare på det farlege

Vi får inn meir og meir farleg avfall. Då treng vi meir og meir påfyll av kompetanse.



PÅ SKULEBENKEN: I 2019 gjennomførte vi to kurs på klasserommet i administrasjonsbygget i Saunesmarka. Her ser vi Guro Kristine Milli frå Nomiko dele ut oppgåver under kurset i Farleg avfall 1.

Å sikre at miljø og menneske ikkje tek skade, er hovudmålet med å få sortert ut det farlege avfallet frå resten. Oppgåva vår er å ta imot og handtere dette avfallet på ein trygg måte. Samtidig skal vi levere det vidare til verksemder som sikrar at avfallet blir forsvarleg destruert.

Men korleis skal vi eigentleg handtere eit batteri som lek? Og kva fortel alle klistermerka i farleg avfall-hallen oss? For å lære opp fleire til å handtere farleg avfall på ein sikker måte, blei det i 2019 halde to kurs for dei tilsette på klasserommet i Saunesmarka.

**Batteri i alle variantar**  
I midten av mai fekk vi besøk

av Kari Bang frå Batteriretur. Ho er miljøingeniør og sikkerheitsrådgiver for farleg gods i returselskapet som vi leverer frå oss små og store batteri til. På fire timer ein onsdag ettermiddag fekk 12 SSR-tilsette ei grundig opplæring i sortering, handtering og embalering av batteri.

Mykje skjer på batterifronten for tida, og skulle vi få innlevert høgenergi-batteri frå til dømes elsyklar og elbilar, er det strenge krav til korleis vi skal handtere dei for å unngå farlege situasjonar. Det er også svært viktig å pakke batteria korrekt før vidaresending, for å minimere risikoen for brannfare.



LADA OPP KUNNSKAPEN: Kari Bang frå Batteriretur underviste 12 SSR-tilsette om batteri ein ettermiddag i mai.



### Frå golvbelegg til kvikksølv

Men farleg avfall er meir enn berre batteri. Det kan vere alt frå den tomme hårsprayboksen din, til asbestos, olje, måling, kraftig reingjeringsmiddel, golvbelegg, brannsløkkingsapparat og kvikksølv.

For å vere godt rusta til å handtere dette store spekteret, inviterte vi Nomiko, Norsk miljøkompetanse, til å halde kurs i Farleg avfall 1 og 2.

Guro Kristine Milli og Eirik Wormstrand fylte dei to kursdagane i oktober med mykje relevant og praktisk kunnskap. I tillegg til ti deltakarar frå SSR, hadde vi også med oss to deltakarar frå VØR Volda og Ørsta Reinhaldsverk.

Det er godt å få påfyll, slik kompetansebygging kjem vi heilt klart til å halde fram med. Avfall er ikkje berre avfall, og det er vår oppgåve å handtere det på best mogleg vis.



EKSPERTHJELP: I oktober gav Guro Kristine Milli og Eirik Wormstrand frå Nomiko, Norsk miljøkompetanse, gav oss ei grundig innsikt i farleg avfall.

## Kva er farleg avfall?

- Farleg avfall er avfall som inneholder helse- og miljøfarlege stoff.
- Farleg avfall skal handterast slik at miljøgifter ikkje lek ut i naturen og skader menneske, dyr og miljø.
- Døme på farleg avfall er: reingjeringsmiddel, måling, lakk og lim, sprayboksar, batteri, løysemiddel, bilpleieprodukt, plantevernmidlar, asbestos, trykkimpregnert treverk, oljer, syrer, kvikksølv og brannsløkkingsapparat.
- I 2019 fekk SSR inn 342 tonn med farleg avfall.



# Glimt frå året



**ENDELEG GULL:** Jan Ove Hoddevik og Sofie Ringstad utklassa konkurrentane då SSR gjekk heilt til topps i Ta Sjansen under Trebaatfestivalen i Ulsteinvik i august.

Frå «Miljøraketten» fauk utføre rampen på Geileneset til Sofie kunne ringe i bjella, gjekk det berre sju sekund. Spenninga var stor om nokon av konkurrentane kunne utfordre den tida, men det viste seg å vere umogleg.

Innsatsen til bil/båtbyggar og andre styrmann Jan Ove kunne dermed krunast med gull. Det var tredje året bilen deltok, og etter fleire år med andre plassar gjekk vi heilt til topps.

## Frå marin forsøpling til undervisningsmateriell



Det heile starta for nokre år sidan, i ei forsøpla vik på Stadtlandet som Jan Ove Hoddevik i SSR oppdaga på padletur.



Han prøvde å rydde så godt han kunne. Det blei ein tung padletur heim. Nokre av kulene tok han vare på, kjekt å ha!



Det kom godt med då Sæverud spurde om han ho kunne bruke for å la



**STORFINT BESØK:** I forkant av kommunevalet i haust var det fleire av dei lokale partia som ønskete å kome på omvising. Både Høgre og Arbeidspartiet var innom - sistnemnde hadde også med seg nestleiar i AP og stortingspolitikar Hadia Tajik. Vi fekk også besøk av ein delegasjon frå Arbeids- og velferdsdepartementet saman med dei lokale NAV-kontora, som vi har eit veldig godt samarbeid med.



**VINNARLYKKE:** 2019 gav oss to nye vinnarar i returkartonglottertiet til Grønt Punkt. Skyll, brett og stapp av mjølkekartongar gav vinnarlykke for Grigorij Pavtel og resten av familien på Moltu i mars. I september var det Torstein Myrvågnes frå Myrvåg som fekk telefon frå oss. Før han våga å tru på at han faktisk hadde vunne 10.000 kroner på å skrive namnet sitt på ein kubbe med mjølkekartongar, innrømde han at han måtte sjekke nummeret som ringde.  
"- Eg trudde det var tulleringing!".



Collega Andrea  
n hadde ein ide til kva  
ge ein jordklode.



Med litt saging og maling blei garnkula til ei super jord-klode. Andrea brukar den no på skulebesøk for å vise at alt vi omgir oss med er laga av ressursar henta frå jorda.





## KOMPOSTKURS:

I 2019 arrangerte vi fire kompostkurs med til saman rundt 60 deltagarar.

Vår eigen Monica Jeanette Håndlykken er ansvarleg for kompostavtalane i SSR og organiserer kursa. Vi har variert mellom å leige inn Nils Roar Hareide og Lars-Inge Breivik til å dele av kunnskapen sin om kva som er lurt å gjere for å få god jord av ditt eige matavfall.

Kurset varer i omlag to timer, og har vist seg å bli kjekke stunder med fin erfaringsdeling både frå kurshaldarane og ikkje minst også mellom deltakarane.



**NY KROKBIL:** I februar fekk vi ein ny, etter lengta arbeidskamerat, ein ny krokbil! Denne typen bil brukar vi mellom anna til:

- Å tømme nedgrevne avfallstankar.
- Frakte containerar og krokkasser mellom miljøstasjonane.
- Tømme glas- og metalligloane.
- Køyre restavfall, papp, papir og plast til mottak.
- Køyre grovavfall, metall og treverk til mottak.



## FAGBREV OG LÆRLING:

Jon-Arild Vatne gjekk i september opp til den praktiske prøva, bestod, og fekk då fagbrev som gjenvinningsoperatør. Vi er veldig glade for å ha kompetansen hans med på laget.

Malin Amdam starta i august som lærling i gjenvinningsfaget. Etter å ha gått VG1 Teknikk og industriell produksjon, har ho fått lærlingplass hjå oss. Takk til Yvonne Sjåstad i Opplæringskontoret og driftsansvarleg Rune Tarberg som på bildet er samla for ein gjennomgang av den digitale læreboka.



**DOBBEL INNSATS:** Etter at hentefrekvensen blei endra på grunn av innføringa av matavfall, er det ikkje lenger mogleg å hoppe over papirhentingane i samband med heilagdagar. Løysinga er å køyre dobbeltdagar, det vil seie to soner på ein dag, i staden for ei. Her ser vi litt av gjengen som skulle ut på dobbelrute ein dag før jul, frå venstre: Marte Holm, Oliver Pettersen, Rune Jensen Ulset, Ole Andreas Sæther og Jon Arne Folkestad.

#### SORTERINGSHJELP PÅ LITAUISK:

Då ein bedriftseigar spurde oss om korleis han kunne gjere det enklare for utanlandske tilsette å sortere rett, tipsa vi han først om sorteringsguidane våre på ni ulike språk.

Men bedriftseigaren hadde i tillegg behov for store plakatar ved dunkane. Då det viste seg at litauisk var det språket han ønskte seg, blei det lettare enn frykta å hjelpe.

Litauisk er nemleg morsmålet til vår gode kollega Saulius Stanevicius. Takk til han for kjapp omsetttingshjelp! Har du ein litauisk kollega, leigebruar eller kompis som også kunne ha glede av plakatane, så finn dei på reinhaldsverket.no.



# Avfall per innbyggjar 2019



## Treverk

2018: 20,2 kg



## Papp/papir "Blådunken"

2018: 54,2 kg



## Plastemballasje

2018: 10,0 kg



## Restavfall "Grønedunken"

2018: 154,5 kg



## Kompost

2018: 2,4 kg



## Glas- og metallemballasje

2018: 10,6 kg



## Grovavfall

2018: 14,0 kg



## EE-avfall


2018: 7,9 kg



## Metall

2018: 17,9 kg

FRAKSJON	2019	2018	TYPE GJENVINNING
Papp/papir	1258	1364	Material
EE-avfall	218	199	Material
Plastemballasje	259	253	Material
Heimekompostering	72	60	Material
Glas- og metallemballasje	293	266	Material
Metall	382	451	Material
Farleg avfall	36	107	Material
EPS	0	2	Material
Dekk	15	17	Material
Treverk	563	455	Material
Grein- og hageavfall	970	1391	Material og bioenergi
Matavfall	1448	35	Bioenergi
Grovavfall 10%	67*	130*	
Restavfall 20%	380*	639*	
Til materialgjenvinning totalt	5961	5271	
Treverk	--	182	Energigjenvinning
Restavfall 80%	1855	3121	Energigjenvinning
Grovavfall 90%	291	636	Energigjenvinning
Farleg avfall	264	196	Energigjenvinning
Til energigjenvinning totalt	2410	3761	
Gjenbruk / ombruk	257	255	Gjenbruk / ombruk
Deponi	299	214	Deponi/energi
Totale mengder	8927	9546	



**Klede og sko til gjenbruk per innbyggjar**

**9,4 kg**  
2018: 9,3 kg

Nordmenn forbrukar i gjennomsnitt 35 plagg per person per år. Minimum-satsen til FN er 8 plagg per person per år. (Kjelde: UFF)

Kjøper du eit brukte klesplagg i staden for eit nytt kvar månad, bidreg du til å spare utslepp av nesten 500 kilo CO<sub>2</sub> i løpet av eitt år. (Kjelde: Fretex)

LEVERT TIL	BRUKT TIL (DØME)
Norsk Gjenvinning AS	Avispapir/emballasje
Norsirk AS / Elektrogjenvinning Møre AS	Metall/plastprodukt/energigjenvinning
Grønt Punkt Norge AS	Plastprodukt
Husstandane	Jord
Sirkel Glass AS	Emballasje/isolasjon/metall/glas
Vartdal Gjenvinning AS	Metall
Norsk Gjenvinning AS	Energigjenvinning/glas/metall
Norsk Gjenvinning AS	Ny EPS (eks fiskekasser)
Norsk Dekkretur AS	Nye dekk/dekkgranulat
Norsk Gjenvinning AS	Sponplater
Fjordane Bioenergi AS	Biobrensel
Mjøsanlegget AS	Biogass, gjødsel og jord.
Tafjord Kraftvarme AS	Fjernvarme/elektrisitet
	Fjernvarme/elektrisitet
Norsk Gjenvinning AS	Fjernvarme/elektrisitet
Fretex AS / UFF / Fileks AS/ gjenbrukstorg	Gjenbruk / redesign / pussefiller / filleryer
Norsk Gjenvinning / Bingsa Gjenvinning AS	Deponi

# RESULTAT


Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2019	Budsjett 2019	2018
Salsinntekt		55 592 771,00	51 350 000,00	47 523 902,00
Anna driftsinntekt		320 927,00	0,00	152 869,00
Sum driftsinntekter		55 913 698,00	51 350 000,00	47 676 771,00
Varekostnad		12 274 318,00	10 682 000,00	8 409 371,00
Lønskostnad	2, 3	23 235 669,00	21 621 000,00	20 333 769,00
Avskrivning	5	4 726 464,00	4 200 000,00	3 586 284,00
Annan driftskostnad	2, 7	14 975 474,00	14 424 000,00	13 378 559,00
Sum driftskostnader		55 211 925,00	50 927 000,00	45 707 982,00
Driftsresultat		701 773,00	423 000,00	1 968 789,00
Finansinntekter og finanskostnader				
Anna renteinntekt		226 282,00	366 000,00	322 804,00
Anna finansinntekt		57 000,00	0,00	0,00
Anna rentekostnad		2 002 152,00	1 945 000,00	1 544 048,00
Resultat av finanspostar		-1 718 870,00	-1 579 000,00	-1 221 243,00
Ordinært resultat før skattekostnad		-1 017 098,00	-1 156 000,00	747 546,00
Skattekostnad på ordinært resultat	8	32 437,00	0,00	0,00
Årsresultat	11	-1 049 535,00	-1 156 000,00	747 546,00
Overføring				
Avsett til/frå sjølvkostfond		-1 767 000,00	-2 670 000,00	-635 000,00
Avsett til annan eigenkapital		717 465,00	876 000,00	1 382 546,00
Sum overføringer		-1 049 535,00	-1 794 000,00	747 546,00

# BALANSE

EIGEDELAR	Note	2019	2018
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	5, 6	97 207 428,00	97 805 476,00
Maskinar og anlegg	5, 6	11 656 488,00	11 038 127,00
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar	5, 6	3 903 582,00	4 051 094,00
Sum varige driftsmiddel		112 767 497,00	112 894 697,00
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar		666 254,00	611 551,00
Sum finansielle anleggsmiddel	3	666 254,00	611 551,00
Sum anleggsmiddel		113 433 751,00	113 506 248,00
Omløpsmiddel			
Krav			
Kundekrav		1 918 013,00	2 136 552,00
Opptent inntekt		53 900,00	57 000,00
Andre kortsiktige krav		1 340 521,00	2 886 416,00
Sum krav		3 312 434,00	5 079 969,00
Bankinnskot, kontantar o.l.			
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	3 231 448,00	4 005 826,00
Sum Bankinnskot, kontantar og liknande		3 231 448,00	4 005 826,00
Sum omløpsmiddel		6 543 882,00	9 085 795,00
Sum egedeler		119 977 633,00	122 592 042,00
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		6 131 648,00	5 414 183,00
Sum opptent eigenkapital		6 131 648,00	5 414 183,00
Sum eigenkapital	11	6 131 648,00	5 414 183,00
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Andre avsetjingar for plikter	9	137 870,00	137 116,00
Sum avsetjing for plikter		137 870,00	137 116,00
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kreditinstitusjonar	6, 13	96 566 140,00	93 979 940,00
Sum anna langsiktig gjeld		96 566 140,00	93 979 940,00
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		3 559 035,00	8 843 594,00
Betalbar skatt	8	32 437,00	0,00
Skyldige offentlege avgifter		1 554 701,00	1 503 882,00
Sjølvkostfond	10	7 736 000,00	9 503 000,00
Anna kortsiktig gjeld	10	4 259 803,00	3 210 328,00
Sum kortsiktig gjeld		17 141 975,00	23 060 804,00
Sum gjeld		113 845 985,00	117 177 860,00
Sum eigenkapital og gjeld		119 977 633,00	122 592 042,00

## Balanse

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS  
Ulsteinvik, den 30. mars 2020  
Styret i Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

  
George Harold Fulford  
Styrelstar


  
Ole Andreas Sæther  
Styremedlem

  
Håkon Vestnes  
Nestleiar

  
Margaretha Leinebø  
Styremedlem

  
Edel Kvalsund Goksøy  
Styremedlem

  
Truls Røyst Håbak  
Styremedlem

  
Anne Holstad  
Styremedlem

  
Einar Heimdal  
Dagleg leiar

# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING 2019

EIGEDELAR	2019	2018
Kontantstraum fra operasjonelle aktivitetar		
Resultat før skattekostnad	-1 017 098,00	747 546,00
Betalt skatt i perioden	0,00	-49 760,00
Ordinære avskrivningar	4 726 464,00	3 586 284,00
Endring kundefordringar	221 639,00	29 977,00
Endring leverandørgjeld	-5 284 559,00	3 942 167,00
Endring i andre tidsavgrensningspostar	2 646 953,00	-200 364,00
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktivitetar	1 293 400,00	8 055 850,00
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-4 599 275,00	-29 078 687,00
Utbetaling ved kjøp av aksjar og partar i andre føretak	-54 703,00	-61 571,00
Netto kontantstraum fra investeringsaktivitetar	-4 653 978,00	-29 140 258,00
Kontantstraummar fra finansieringsaktivitetar		
Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	6 000 000,00	0,00
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-3 413 800,00	-3 263 800,00
Netto kontantstraum fra finansieringsaktivitetar	2 586 200,00	-3 263 800,00
Netto endring i kontantar og kontantekv.	-774 378,00	-24 348 208,00
Beholdning av kontantar og kontantekv. pr. 1.1.	4 005 826,00	28 354 033,00
Beholdning av kontantar og kontantekv. pr. 31.12	3 231 448,00	4 005 826,00

**NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP**

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med reknekapslova, lov om interkommunale selskap og God rekneskapsskikk for små føretak.

**Bruk av estimat**

Leiinga har brukt estimat og føresetnadar som har påvirkta resultatrekneskapen og verdsettinga av egedelar og gjeld, samt usikre egedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

**Salsinntekt**

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester inntektsførast i takt med utføringa. Lovpålagte tenester med årlig gebyr, der selskapet fakturer gebyret direkte til abbonentane, blir inntektsført i perioden det er fakturert.

**Klassifisering og vurdering av balanseposter**

Anleggsmiddel omfatter egedelar bestemt til varig eige og bruk. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over driftsmiddelet si økonomiske levetid. Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfall til betaling innan eit år etter anskaffelsestidspunktet, samt postar som er knytt til varekretslaupet. Omløpsmiddel vurderast til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

**Varige driftsmiddel**

Varige driftsmiddel nedskrivast til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventast ikkje å vere forbigåande. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av nettosalverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av framtidige kontantstaumar knytta til egedelen. Nedskrivninga reverserast når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

**NOTE 2 LØNSKOSTNADAR, ANTALL ÅRSVERK, GODTGJERSLE M.M.**

Lønskostnadars		2019	2018
Løn		17 873 819	15 207 258
Arbeidsgivaravgift		2 809 239	2 571 910
Pensjonskostnadars		2 014 467	1 968 613
Andre ytingar		538 145	585 987
Sum		23 235 669	20 333 769
Antall årsverk sysselsatt		33	33
Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret	Repr. skap
Løn	927 243		
Pensjonskostnadars	18 636		
Anna godtgjering	20 071	297 136	26 013
Sum	965 950	297 146	26 013
Godtgjersle til revisor er fordelt på fylgjande måte:			
Lovpålagd revisjon		64 550	
Utarbeiding av årsrekneskap		16 050	
Utarbeiding av likningspapir		10 700	
Andre tenester		158 000	
Sum (eksl. mva)		249 300	

**NOTE 2 FORTS. LØNSKOSTNADAR, ANTALL ÅRSVERK, GODTGJERSLE M.M.****Pensjonsforpliktingar**

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova. Sjå elles note 3.

**Krav**

Kundekrav og andre krav oppførast til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordingane. Legalpanten høyrer til kvar av eigarkommunane og vil tre i kraft dersom ein ikkje klarer å kreve inn gebyra ein har til gode mot hushaldningskundar på vanleg måte.

**Pensjonsforpliktning**

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte. Fra og med 2014 er det valgt å ikkje balanseføre nettopensjonsforplikting. Innbetalingar til ytelsesbasert pensjonsordning kostnadsførast løpende.

**Skatt**

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytt til næringskundar. Skattekostnaden i rekneskapen omfattar betalbar skatt i perioden. Driftsmidla si fordeling er gjenstand for årleg revisjon basert på faktisk bruk. På bakgrunn av variasjon i bruk er det valgt å ikkje bokføre utsatt skatt/skattefordel i rekneskapet då denne lar seg vanskeleg beregne.

**Sjølvkostfond**

Verksemda som er knytt opp mot hushaldningskundane er regulert av Forureiningslova. I henhold til Forureiningslova § 34 skal kostnadane for desse kundane dekkast fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester utgitt av Kommunalog Regionaldepartementet, kan over- eller underskot framførast innanfor eit 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingningar i inntekter og kostnadars. Det utarbeidast særskilt sjølvkostrekneskap. I balansen klassifiserast akkumulert over- og underskot henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

**Kontanstraumoppstilling**

Kontanstraumoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar bankinnskot.



# NOTAR

## NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR

Selskapet pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har ei offentleg kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Del av eigenkapitaltilskotet som er innbetalt av selskapet utgjer pr 31.12.2019 kr 666 254. Den offentlege tenestepensjonsordninga gir ved full opptening ein alderspensjon som saman med folketrygda sine ytingar utgjer ein samla pensjon

på 66% av pensjonsgrunnlaget. Føretaket har også offentleg AFP-ordning for dei ansatte.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 33 aktive personar og 16 pensjonistar. Ordningane gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av talet på oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forplikingane er dekkja gjennom eit forsikringsselskap. Framtidig pensjonspremie vil påvirkast av avkastning, lønsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

## NOTE 3 PENSJONSKOSTNADAR, -MIDLAR, -FORPLIKTINGAR

	2019	2018
Netto pensjonskostnad	2 014 467	1 968 613
Spesifikasjon av pensjonsforpliktingar		
Utrekna pensjonsforpliktingar per 31.12.	28 118 931	28 782 631
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) per 31.12	-23 603 361	-21 007 883
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-270 021	-4 315 637
Arbeidsgiveravgift	636 695	1 096 239
Netto pensjonsforpliktingar (ikkje balanseført)	4 882 244	4 555 350

De aktuarmessige føresetnadane er basert på vanlege nyutta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

## NOTE 4 BANKINNSKOT

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 802 347.

## NOTE 5 ANLEGGSNOTE

	Tomter, bygningar m.m.	Anlegg under arbeid	Maskiner, anlegg, bilar, m.m.	Driftsløsøre, inventar, kontorm.	Sum
Anskaffingskostnad pr. 1.1	114 427 882	456 440	25 388 879	14 507 394	154 780 595
Tilgang kjøpte driftmidlar	1 683 841	506 074	1 482 497	926 863	4 599 275
Anskaffingskostnad pr. 31.12	116 111 723	962 514	26 871 376	15 434 257	159 379 870
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12	17 398 346		15 06 305	9 612 329	42 096 980
Akkumulerte nedskrivningar pr. 31.12	1 505 949		1 091 094	1 918 350	4 515 393
Bokført verdi pr. 31.12.	97 207 428	962 514	10 693 974	3 636 233	112 767 497
Avskrivningar i år	2 281 890		1 370 200	1 074 375	4 726 464
Økonomisk levetid	0-50 år		3-10 år	5-10 år	

**NOTE 6 GJELD**

Type	2019	2018
Langsiktig gjeld med forfall seinare enn om 5 år		
Gjeld til kreditinstitusjonar	81 782 770	77 660 940
Sum	81 782 770	77 660 940
Årets endring		
Langsiktig finansiering 01.01.	93 979 940	97 243 740
Opptak nye langsiktige lån	6 000 000	0
Betalte avdrag i år	-3 413 800	-3 263 800
Langsiktig finansiering pr 31.12 (pantsatt)	96 566 140	93 979 940
Driftsmiddel	112 767 497	112 894 697
Sum	112 767 497	112 894 697

**NOTE 7 LEASING**

Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmiddel.

	2019	2018
Årets leige	4 188 094	3 506 540
Sum	4 188 094	3 506 540

Det er ikkje balanseført leasingforplikting for nokon av leigeobjekta.

Framtidig minimumsleige knytt til ikkje kansellerbare leigeavtalar forfall som fylgjer	
Innen ett år	4 188 094
Ett til fem år	6 254 102
Etter fem år	0
Sum framtidig minimumsleige	10 442 196

**NOTE 8 SKATT**

Selskapet er skattepliktig for den del av verksemda som er knytta til næringskundar.

Selskapet har ingen mellombelse skilnader pr 31.12.2019

Nedanfor er det gitt spesifikasjon over skilnader mellom rekneskapsmessig resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

	2019	2018
Skattemessig underskot til framføring	0	-100 113
Skattepliktig inntekt	0	-100 113
Utrekning av skattegrunnlaget i år:	2019	2018
Resultat før skattekostnad for næringsverksemد	630 737	297 410
Permanente skilnader	-383 185	-397 523
Bruk av underskot til framføring	-100 113	0
Skattepliktig inntekt	147 439	-100 113
Betalbar skatt	32 437	0
Utsett skattefordel (22%)	0	22 025
Sum skattekostnad	32 437	22 025

Utsett skattefordel er ikkje balanseført i henhold til God Regnskapsskikk for små foretak.

# NOTAR

## NOTE 9 AVSETNING FOR FRAMTIDIGE FORPLIKTINGAR FOR DEONI

Selskapet har i henhold til "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15", forpliktingar knytta til framtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i ein periode etter at verksemda ved deponiet er avvikla. Selskapet har slike forpliktingar knytta til det nedlagte deponiet på Eidet i Hareid kommune.

Etterdriftsansvaret omfattar ei periode på 30 år rekna frå tidspunktet for avvikling av deponering i deponiet. Dette vart avvikla i 2009, og etterdriftsansvaret og kontroll med deponiet varer difor til sommaren 2039, eller til 2045 dersom ein tar utgangspunkt i Fylkesmannen si godkjenning av avslutningsplanen i 2015. Det vil alltid vere usikkerheit knytta til omfanget av kostnader til kontroll og ansvaret elles for deponiet så langt fram i tid. Avsett beløp og framtidige inntekter på deponiområdet gir uttrykk for leiinga sitt beste estimat på tidspunktet for avlegging av årsrekneskapet for 2019.

Inntektene frå aktivitetane med å stå for påsleppspunkt for rejectvatn frå slamtøminga i Ulstein og Hareid og handtering av grein- og hageavfall for Ulstein og Hareid, saman med tidlegare avsetning, har vore kalkulert til å vere nok til å dekke kostnadene med etterdrifta av deponiet.

	2019	2018
Avsetning frå tidlegare år	137 116	185 414
Medgåtte kostnadar i året	-89 246	-138 298
Auka avsetning i året	90 000	90 000
Avsetning 31.12.	137 870	137 116

## NOTE 10 SJØLVKOSTFOND OG MELLOMREKNING MOT EIGARANE

Sjølvkostfondet pr 31.12.2019 er positivt med kr 7 736 000. Ved berekning av sjølvkostfondet er inntekter og kostnadar i reknekapet fordelt mellom hushaldning og næring, og gjenspeilar aktivitetene mellom dei to verksemderområda.

	Sjølvkostfond slam	Sjølvkostfond hush.avfall	Sjølvkostfond totalt
Sjølvkostfond 01.01.	21 000	9 482 000	9 503 000
Korrigering avskrivning tomter perioden 1980-2014	0	239 370	239 370
Korrigering feilførte renter driftskreditt	0	446 000	446 000
Årets resultat overført til sjølvkostfond	120 000	-2 572 370	-2 452 370
Sjølvkostfond 31.12.	141 000	7 595 000	7 736 000

Kostnadar som selskapet har regnskapsført i perioden 2016-2018 knytt til grunnarbeid på nedgravde løysningar omlag kr 486 017 er i 2019 tilbakeført fondet, aktivert og avskrive over 10 år.

Slamhandsaming vert utført på vegne av alle eigarkommunene. Inntekter og utgifter knytta til handtering av slam skal inngå i eit eiga sjølvkostområde i kvar av kommunane. Årets over-/underindekking er difor overført til fordring / gjeld mot Herøy og Sande og utgjer pr 31.12.2019 kr 442 340 (eks. mva) og inngår i anna kortsiktig gjeld. Fra og med 01.01.2017 har SSR ansvar for sjølvkostfond for denne tenesta i Ulstein og Hareid.

Resten av anna kortsiktig gjeld består hovudsakleg av opptente, ikkje utbetalte feriepengar og andre påløpte kostnadar.

## NOTE 11 EIGENKAPITAL

5 414 183	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.19	5 414 183	5 414 183
Årets resultat	717 465	717 465
Tilleggsutbyte	0	0
Eigenkapital 31.12.19	6 131 648	6 131 648

## NOTE 12 INNSKOTSKAPITAL OG EIGARINFORMASJON

Selskapets eigarførdeling pr. 31.12.:

Deltakar	Folketal	Eigarandel	Antal i rep. skap	Stemme- andel
Herøy kommune	8 972	35,67%	4	36,36 %
Ulstein kommune	8 430	33,52%	3	27,27 %
Hareid kommune	5 189	20,63%	2	18,18 %
Sande kommune	2 559	10,17%	2	18,18 %
Totalt	25 150	100,00 %	11	100,00 %

Stemmeandel gjeld representantskapet som er selskapets øverste organ. Selskapet har ingen innbetalt innskotskapital.

I følge selskapsavtala § 4 skal kvar kommune ha eit medlem for kvar påbegynt 2 500 innbyggjar, medan alle kommunene skal minst ha 2 medlemmar.

## NOTE 13 GARANTIAR

I samsvar med selskapsavtala er deltagarkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarleg for selskapet sine samla forpliktingar i forhold til sine respektive eigarandeler.

## NOTE 14 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Selskapet nyttar seg ikkje av finansielle instrumenter med styringa av finansiell risiko.

### Renterisiko

Renterisiko oppstår på kort og mellomlang sikt som eit resultat av at selskapets gjeld har flytande rente

### Kredittrisiko

Selskapet har kredittrisiko knytt til kundekrav mot næringskunder. Risiko for at motpart ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine plikter rekna som moderat. Det har historisk sett vært lite tap på krav.

# MELDING FRÅ REVISOR



BDO AS  
Nesevegen 3  
Postboks 93  
6067 Ulsteinvik

## Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS.

##### Årsrekneskapen er samansett av:

- Balanse per 31. desember 2019
- Resultatrekneskap for 2019
- Kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per 31.desember 2019
- Notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

##### Etter vår mening:

Er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019 og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med reknesakslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Annan informasjon

Leiinga er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga og annan informasjon i årsrapporten, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje annan informasjon, og vi atesterer ikkje den andre informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi, på bakgrunn av arbeidet vi har utført, konkluderer med at annan informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilet i samsvar med reknesakslova sine reglar og god

# MELDING FRÅ REVISOR



rekneskapsskikk i Noreg. Leiringa er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilslikt.

Ved utarbeidninga av årsrekneskapen må leiringa ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

## Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilslikt, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meiningsa vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilslikt. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

## Fråsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiringa har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

### Andre tilhøve

Budsjettala for 2019 som er presenterte i resultatrekneskapen er ikkje reviderte.

Ulsteinvik, 03.04.2020

BDO AS

Einar Giljarhus Løkken  
statsautorisert revisor

# ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2019

Selskapet sine styringsdokument slår fast at styret skal utarbeide ei eigarmelding. Års meldinga omfattar difor også ei eigarmelding, sidan begge meldingane inneheld mykje av den same informasjonen.

## 1. STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2019 bestått av:

George Fulford, styreleiar  
Håkon Vestnes, nestleiar  
Edel Kvalsund Goksøy, styremedlem  
Margareth Leinebø, styremedlem  
Truls Håbak, styremedlem  
Anne Holstad, styremedlem  
Ole Andreas Sæther, styremedlem, valgt av og blant dei tilsette

Det har vore 8 styremøter og 57 saker er behandla i 2019.

## 2. REPRESENTANTSKAP

Representantskapet består av politisk valgte representantar frå kvar av dei fire eigarkommunane. Knut Erik Engh er leiar av representantskapet. Det har vore 2 møter i representantskapet i 2019. Selskapet har, utover formelle møter, løpende og god kontakt med selskapet sine eigalar.

## 3. OPPSUMMERING OG KORT OM VERKSEMDA I 2019

Selskapet har ansvaret for innsamling og behandling av hushaldningsavfall frå innbyggjarane i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande.

I dei 4 eigarkommunane er det godt over 25 000 innbyggjarar, vel 11 000 privatabonnenter, 37 returpunkt for glas- og metall (der fleire av desse returpunktene har fleire glasigloar) og 4 miljøstasjonar.

SSR syter sjølv for produksjon av tenestene og har bygd opp eit renovasjonstilbod til husstandane. Dette er selskapet si kjerneverksemde. Ansvaret for renovasjon omfattar miljøretta innsamling, sortering, omlasting, transport og avsetnad av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar. Selskapet sitt tilbod omfattar også innsamling, transport og avsetnad av

næringsavfall i avgrensa omfang. Denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på selskapet si verksemd og medverkar til at selskapet når dei strategiske måla sine. Dette medfører lågare priser for hushaldningar, ikkje minst på grunnlag av meir effektiv bruk av selskapet sine driftsmiddel. I tillegg er det viktig å nemne at ein del av næringsverksemda er selskapet lovpålagnad å utføre og at mange næringskundar ønskjer å ha SSR som leverandør.

I 2018 og 2019 har det vore gjennomført ein større selskapskontroll for rekneskapsåra 2010 – 2018. Det vart ikkje avdekkja noko anna enn det som førte til mindre justeringar. Desse justeringane er tatt med i rekneskapet for 2019.

Styret har også i 2019 arbeidd med å kvalitetssikre og utvikle kjerneverksemda.

Rekneskapet syner eit årsresultat omrent som budsjettet.

## 4. EIGARFORHOLD, SELSKAPSFORM OG FORMÅL

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytta til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvane og pliktene rundt avfallshandtering som kommunane er pålagde i forureiningslova. I tillegg yter også SSR tenester innanfor slamhandtering. SSR skal også bidra til å bevare eit fysisk miljø i regionen som er reint og helsemessig forsvarleg. SSR forvaltar og driftar ei lovpålagnad verksemd på vegne av eigarkommunane. Denne verksemda er i stor grad underlagt nasjonale og internasjonale krav.

Dette er rammebetingelsar som selskapet i liten grad kan påverke.

SSR utøver si verksemd med utgangspunkt i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av

avfall over heile området.

Selskapet skal oppfylle eigarane sine forventingar til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytt til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit. Selskapet legg også vekt på å balansere målstyring og ønskjer å optimalisere forholdet mellom miljø, abonnentar og kostnader.

Selskapet sine strategiske mål er:

- Selskapet skal stå for miljøretta innsamling, mottak, sortering, omlasting, transport og gjenvinning av avfall frå hushaldningar.
- Selskapet skal forvalte enkle, brukarvennlege og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal søke å realisere nasjonale miljømål og eigarane sine lokale miljømål og klimaplaner.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon skal vere ein tydeleg og framtidsrettet haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterete spørsmål i eigarkommunene.
- Andre strategiske mål går på det store samfunnsansvaret selskapet har i den grunnleggande velferdssproduksjonen i landet, vidare god økonomistyring, satsing på digitalisering og utvikling av organisasjonen.

God kundetilfredsheit og godt omdøme er viktig for SSR. Gjennom selskapet sin kommunikasjon, med grunnlag i eigarstrategi og strategisk plan, er målet mellom anna å formidle kunnskap om kjeldesortering og kvar avfallet hamnar - i tillegg til å formidle kunnskap om avfall som ressurs. Dette er nødvendig for å realisere stadig aukande nasjonale krav til innsamling og behandling av avfall. Avfall er sentralt i den sirkulære økonomien - i «det grøne skiftet».

## 5. ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Selskapet sysselsette i 2019 vel 34 årsverk. Dette er fordelt på 29 fast tilsette og vel fem årsverk for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver.



# ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2019

I desse tala ligg det også inntak av midlertidig arbeidskraft på grunn av tidvis store avfallsmengder, ferieavvikling, etc. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

SSR har i 2019 kjøpt bedriftshelsetenester hos Medi 3. Desse er, ved behov, involvert i arbeidet med endringar og forbeteringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde / verneombod - i tillegg til det vanlege bedriftshelsetenestearbeidet.

Totalt sjukefråver utgjer 7,21 % (5,08 % i 2018). 2,38 % (2,69 % i 2018) av dette er korttidsfråver (eigenmeldingar). Langtidsfråveret er på 4,83 % (2,39 % i 2018). SSR har i 2019 ikkje hatt alvorlege personskader knytta til selskapet si verksemrd. Styret vurderer situasjonen som tilfredsstillande, men vil likevel følgje utviklinga nøyte.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar. Selskapet legg til grunn at det skal vere likestilling mellom kjønna og det blir praktisert lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine 7 medlemmer er 3 kvinner. Av selskapet sine 7 tilsette i administrasjonen er 4 kvinner. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner der ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingsdelen. Det er ikkje satt i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

Styret legg stor vekt på at arbeidsmiljøet og samarbeidet i selskapet skal vere godt. Det er iverksett løpande tiltak for å forbetre dette, m.a. gjennom interne møteplassar og møter.

## 6. MILJØRAPPORTERING

Den daglege verksemda skjer ved ordinær kontorverksemrd, arbeid på miljøstasjonar og industriområde, og i stor grad ved transportverksemrd. Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljøet.

Selskapet har sjølv ansvaret for innsamling av avfall. Det er eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Ved utøving av verksemda blir det stilt krav

til gode og rasjonelle transportløysingar, der lågt drivstoffforbruk, redusert støy og minimale utslepp blir vektlagt.

Sluttbehandling av innsamla avfall skjer etter konkurransen i marknaden. Her blir det lagt særleg vekt på gode og miljøvennlege løysingar samt optimal ressursutnytting.

SSR har utarbeidd eit eige klimarekneskap for 2019. Her reknar ein om både positiv og negativ miljøpåverknad til CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Verksemda i selskapet bidrar positivt til reduserte utslepp gjennom utnytting avressursane i avfallet.

Styret prioriterer aktivt å realisere miljømål som eigalar og samfunn set for selskapet si verksemrd. Dette skjer m.a. ved å vidareutvikle kjeldesorteringsordninga som ein tilbyr innbyggjarane.

## 7. KUNDEFOKUS OG BRUKARVENNLEGGHEIT

Selskapet legg stor vekt på at tenestetilboden skal vere brukarvennleg, slik at det skal vere enklast mogleg for innbyggjarane å kjeldesortere og ta miljøvennlege valg. Tenestetilboden i SSR fungerer generelt sett godt, og dei fleste innbyggjarane er flinke til å kjeldesortere. Selskapet meiner likevel at det fortsatt er eit potensial for endå betre sortering i hushaldningane, og driv difor med løpande kampanjar og haldningsskapande arbeid.

Før jul i 2018 starta selskapet med innhenting av våtorganisk avfall (matavfall) som eigen fraksjon. I løpet av sommaren 2019 fekk alle innbyggjarane dette tilboden. Undersøkingar syner at slike forbeteringar i tenestetilboden, saman med nye miljøstasjonar, bidrar til auka sortering og dermed betre miljøgevinst.

I tråd med samfunnsutviklinga og myndighetene sin politikk, legg selskapet opp til stadig aukande bruk av elektronisk kommunikasjon med kundane. Bruk av papirbasert kommunikasjon blir forsøkt redusert tilsvarende. Kjeldesorteringskalendaren på papir er avvikla og erstatta med web og mobiltelefonbaserte løysingar. Ei enkel papirbasert oversikt blir tilbode til brukarar som ikkje nyttar dei elektroniske

løysingane.

Å få fram kva avfallet blir til og den store miljøgevinsten ved gjenvinning, er noko selskapet heile tida jobbar med å kommunisere ut til innbyggjarane. Det er avgjerande for motivasjonen til kundane at dei kjenner til heile gjenvinningsprosessen og at dei bidrar til ein stor miljødugnad ved å kjeldesortere. Det skaper også meir forståing for det oppdraget og det arbeidet selskapet gjer.

## 8. SAMFUNNSANSVAR

Selskapet opptrer ansvarleg innanfor område som arbeidsgivarpolitikk, etikk, innkjøp og deltaking i kunnskapsutvikling og utviklingstiltak, samt arbeidstakarrettigheter og antikorrupsjon. Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheter og rettigheter, og dermed hindre diskriminering. Selskapet ønskjer på denne måten å oppfylle diskrimineringslova sin intensjon og formålet der, så langt som selskapet kan påverke dette.

Selskapet legg vekt på å bruke leverandørar som fremjar høg etisk bevisstheit. Inngåtte kontraktar blir tett følgde opp for å unngå at sosial dumping føregår hos leverandørane våre. Selskapet har internkontrollsysteem som skal søke å førebygge korruption og mislegheiter, og leiarar skal gå føre og varsle om kritikkverdige tilhøve. Elles skal alle beslutningar gjerast på grunnlag av best muleg ressursbruk. Selskapet har utarbeidd etiske retningslinjer.

## 9. ØKONOMI

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årrekneskapet for 2019 er satt opp under denne føresetnaden.

Selskapet driv miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldninga. Denne delen av verksemda blir gjennomført til sjølvkost, og overskot eller underskot på hushaldningsdelen skal førast mot sjølvkostfondet.

Vidare driv selskapet avgrensa og tilsvarende verksemrd mot næringslivet, der dette er hensiktsmessig for å realisere selskapet sine strategiske mål.

# ÅRSMELDING / EIGARMELDING 2019

Omfangen av næringskundar omfattar etter styret si vurdering ingen økonomisk risiko av betydning. Rekneskapsføring knytta til næringskundar vert halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapet for hushaldningkundar. Det same gjeld for den delen som handlar om slamtøming.

Styret er tilfredse med drifta i 2019.

synleggjere krav til selskapet med omsyn til effektivitet, kundetilfredsheit og miljø.

Selskapet vil også ytterlegare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan det miljøretta arbeidet. Dette er mellom anna tenkt gjennom vidare satsing på informasjon og gjennom samarbeid med eigarkommunane om viktige miljøtiltak.

No når miljøstasjonane er i full drift og innsamlinga av matavfall er i full gang, vil det bli andre utfordringar framover. Arbeidet framover vil handle om moglege nye fraksjonar som kan sorterast ut på miljøstasjonane, digitalisering, meir informasjon og kommunikasjon internt og eksternt, og - ikkje minst - forureiningsproblematikken i naturen. I tillegg kjem utfordringar med nedstraumsløysingar til å vere eit fokusområde i tida framover, der m.a. marknaden tidvis har vanskar med å svele unna dei store avfallsmengdene som blir produsert i Norge.

Nokre viktige tal frå rekneskapet i 2019:	
Hushaldningsrenovasjon - sjølvkostfondet:	
Underskot hushaldning (før rentejusteringar og sjølvkostberekingar):	kr - 1 689 000
Underskot etter rentejusteringar og sjølvkostberekingar:	kr - 1 887 000
Sjølvkostfond pr. 31. desember 2019:	kr 7 595 000
<hr/>	
Næring - eigenkapital:	
Overskot næring:	kr 617 563
Renter, etc. og overskot frå næring til anna eigenkapital:	kr 717 465
Eigenkapitalen pr. 31. desember 2019:	kr 6 131 648

Etter styret si oppfatning gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med tilhøyrande notar god informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet. Styret vurderer at selskapet si økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande. Styret meiner at årsrekneskapet gir eit rett bilde av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapet si verksemad er lav. Det er då også lagt vekt på selskapsforma som inneber at selskapet sine eigarar har ansvar for selskapet sine plikter.

Det har ikkje oppstått forhold etter årsskiftet som har betydning for bedømminga av årsrekneskapet for 2019.

Mellom anna ser ein at tema som marin forureining og anna lokal forureining framleis er viktige område framover.

Selskapet sluttførte i 2019 innføringa av innhenting av matavfall / våtorganisk avfall. I juli 2019 var alle sonene i gang med denne innsamlinga. Arbeidet har vore krevande, og det har stilt - og stiller - store krav til kapasitet, styring og kostnadseffektivitet. Styret konstaterer at selskapet også kompetansemessig står godt rusta til å gjennomføre dette på ein tilfredsstillande måte.


Ulsteinvik, 30. mars 2020

## 11. ARBEIDSÅRET 2019

Styret vil rette ein stor takk til selskapet sine medarbeidarar. 2019 har, i periodar og som tidlegare år, vore krevande for dei tilsette på grunn av høge krav til omstilling og effektivitet - og også fordi verksemada berører og engasjerer mange.


  
George Fulford  
styrelseiar

  
Håkon Vestnes  
nestleiar

  
Edel Kvalsund Goksøy  
Edel Kvalsund Goksøy

  
Margareth Leinebø

  
Truls Håbakk

  
Anne Holstad

  
Ole Andreas Sæther

  
Einar Heimdal  
dagleg leiar

## 10. FRAMTIDSUTSIKTER OG PLANLAGDE ENDRINGER

Strategisk plan er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventingar. I denne planen er nasjonale og internasjonale føringar tillagt stor vekt, samt at det er eit ønske om å



# VEDLEGG

## Vedlegg 1: Måloppnåing vedr. avfallsmengder 2019 på hushaldning

EU (og dermed også Norge) sine mål for materialgjenvinning (eller høgare i hierarkiet):

2020: 50%	2025: 55%	2030: 60%	2035: 65%
-----------	-----------	-----------	-----------

### SSR sine tal for 2019:

Nedstrømsløysing:	2019 i tonn:	2019 i prosent:	2018 i tonn:	2018 i prosent:
Ombruk / gjenbruk	257 tonn	2,9 %	255 tonn	2,7 %
Bioenergi	1712 tonn	19,2 %	738 tonn	7,7 %
Materialgjenvinning	4249 tonn	47,6 %	4578 tonn	48 %
Energigjenvinning	2410 tonn	27,0 %	3761 tonn	39,4 %
Deponi	299 tonn	3,3 %	214 tonn	2,2 %
<b>Hushaldningsavfall totalt</b>	<b>8927 tonn</b>	<b>100 %</b>	<b>9546 tonn</b>	<b>100 %</b>
<b>Materialgjenvinning eller høgare i hierarkiet:</b>	<b>6218 tonn</b>	<b>69,7 %</b>	<b>5571 tonn</b>	<b>58,4 %</b>

**Ombruk/gjenbruk:** T.d. at klede, sko, ski, syklar, møbler, etc. blir brukt oppatt i staden for å bli kasta.


**Bioenergi:** Avfall som går til produksjon av biogass og flisfyring. Gjeld ikke biodiesel.

**Materialgjenvinning:** Plast blir til plast, metall blir til nye metallprodukt, etc.

**Energigjenvinning:** Avfall blir brent for å produsere fjernvarme og elektrisitet.

**Deponi:** Avfall som går til deponering, t.d. asbest.

### Kundetilfredsheit:



Måla er at grada av kundetilfredsheit skal auke for kvart år framover.

## Vedlegg 2: Utvikling i sjukefråveret

Utvikling i sjukefråveret har vore slik siste åra:

År:	Totalt sjukefråver:	Korttidsfråver:	Langtidsfråver:
2012	9,56 %	2,45 %	7,11 %
2013	12,29 %	2,25 %	10,04 %
2014	9,11 %	2,05 %	7,06 %
2015	6,79 %	1,90 %	4,89 %
2016	7,30 %	2,03 %	5,27 %
2017	5,27 %	1,86 %	3,41 %
2018	5,08 %	2,69 %	2,39 %
2019	7,21 %	2,38 %	4,83 %

### Vedlegg 3: Klimarekneskap

Kontordrifta i SSR forureinar ikkje det ytre miljøet. Selskapet si øvrige verksemder forureinar i avgrensa grad det ytre miljøet. Som ansvarleg for å levere renovasjonstjenester til over 11 000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløysingar der miljøomsyn er tillagt stor vekt. Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Gjennom aktivt å söke å realisere dei generelle miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemrd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er tatt hand om.

#### Hushaldning:

Totalt 8452 tonn avfall (inkluderer ikkje 72 tonn på heimekompostering eller 20 tonn innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane våre). Det er 25107 innbyggjarar i dei fire kommunane våre pr. utgangen av 4. kvartal 2019 (tal frå SSB).

Tabell: Totalt utslepp og CO2-reduksjon i SSR 2019, hushaldning:

	Totalt klimaut-slepp (tonn CO2)		Per innbyggjar (kg CO2 / innb.)	
	2018	2019	2018	2019
Utslepp frå transport	584	683	23	27
Utslepp frå forbrenning	2637	1799	105	72
CO2-red. frå forbrenning	-2172	-1630	-86	-65
CO2-red. frå gjenvinning	-7268	-7402	-289	-295
Total CO2-reduksjon	-6219	-6550	-247	-261

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 683 tonn CO2-ekvivalentar.

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (1799 tonn CO2-ekvivalentar).

Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (1630 CO2-ekvivalentar) og materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (7402 CO2-ekvivalentar).

For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 1,105 tonn CO2 per tonn avfall.

For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,196 tonn CO2 per tonn avfall.

#### Totalt, inkl. næring:

Totalt 11830 tonn avfall (inkluderer ikkje 72 tonn på heimekompostering eller 20 tonn innlevert på gjenbrukstorget på miljøstasjonane våre). Det er 25107 innbyggjarar i dei fire kommunane pr. utgangen av 4. kvartal 2019 (tal frå SSB).

Tabell: Totalt utslepp og CO2-reduksjon i SSR 2019. Tala inkluderer både hushaldning og næring:

	Totalt klimaut-slepp (tonn CO2)		Per innbyggjar (kg CO2 / innb.)	
	2018	2019	2018	2019
Utslepp frå transport	594	818	24	33
Utslepp frå forbrenning	3442	2773	137	110
CO2-red. frå forbrenning	-2616	-2321	-104	-92
CO2-red. frå gjenvinning	-8221	-9020	-326	-359
Total CO2-reduksjon	-6801	-7750	-270	-309

Utslepp frå transport (sjå tabell) bidreg til eit relativt lite utslepp på totalt 818 tonn CO2-ekvivalentar.

Det største utsleppet kjem frå forbrenning av avfall (2773 tonn CO2-ekvivalentar).

Sparing av miljøet kjem ved energi frå energigjenvinning som erstattar alternative energikjelder (2321 CO2-ekvivalentar) og materialgjenvinning og ombruk som erstattar framstilling av alternative ressursar (9020 CO2-ekvivalentar).

For utsorterte fraksjonar er gevinsten gjennomsnittleg på 0,998 tonn CO2 per tonn avfall.

For restavfallet og grovavfallet er det eit netto utslepp på 0,180 tonn CO2 per tonn avfall.



Saman tek vi vare på ressursane



SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Smårisevadet 20, N-6065 Ulsteinvik / Org.nr: NO 987 570 970 MVA / [firmapost@reinhaldsverket.no](mailto:firmapost@reinhaldsverket.no) / Telefon: 70 00 70 50 / [reinhaldsverket.no](http://reinhaldsverket.no)